

SGN OG FJORDANE TEATER PRESENTERER:



BRENNING- MYSTERIET

- to levande og to døde

Av Otto Homlung - basert på ei bok av Egil Ulateig



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

SoFT

Sogn og Fjordane Teater

www.soft.no



KJÆRE PUBLIKUM!

«*Tankekraft er viktigare enn kunnskap.*

Kunnskap er avgrensa.

Tankekrafa omsluttar verda.»

Albert Einstein

Teateråret 2011 på Sogn og Fjordane Teater (SoFt) har fått overskrifta *Sterke kvinner*. Vi stadfestar *Heddaprisen* for særleg fagleg innsats som vi mottok i fjor – for over lang tid å setje opp ny norsk dramatikk med regionalt perspektiv – med endå ein urpremière, *BRENNINGMYSTERIET* – to levande og to døde.

Då eg som barn høyrdie historia bak dette stykket, var den første tanken min at kvinnen som reiste frå dei fire borna sine måtte vere eit forferdeleg menneske. Eg var naturlegvis livredd for å miste mora mi.

I vaksen alder har perspektivet utvida seg. Enkelte gonger må vi gjere ekstreme val fordi dei einaste alternativa vi har er ekstreme, alternativ som Helene i vårt stykke stod overfor. Blant dei største tragediane i historia, er at dei to unge mennene som hjelpte til under flukta, aldri dukka opp att. Kva som skjedde med dei, vil vi truleg aldri få svar på.


Det er ikkje vår meining verken å grave etter pikante detaljar, eller å rose måle. Vi kan heller ikkje gi bastante svar. Vi er først og fremst nysgjerrige, på kva menneske er i stand til i ein krig, og på kva krigen gjer med oss når han er over. Kan du vere eit godt menneske, om du har gjort noko vondt? Kva for handlingar blir tilgitt, når du er truga på livet? Kva er sanning, og kva er løgn?

Til liks med Helene i vårt stykke, gjorde to av dei sterkeste kvinnene i verds-litteraturen, Ibsens Nora og Tolstojs Anna Karenina, val som stod i konflikt med fleirtalssynet i samtidia. Slikt får konsekvensar, og slikt blir dramatikk.

Det er ei stor glede å ønske dramatikar og regissør Otto Homlung, lysdesignar Eivind Myren og skodespelarane Bente Børsum, Tore B. Granås, Hallbjørn Rønning og Yngve Seterås velkomne til SoFt for første gong.

Velkommen i teatret!

Terje Lyngstad



OM Å SØKJE SANNINGA



Hovudspørsmålet i dette dokudramaet er sjølvsagt kvar det vart av Brendsdalsbrørne, og om det er muleg å finne sanninga så mange år etterpå. Egil Ulateig skreiv boka si om Brenningmysteriet for 25 år sidan, og etter den tida veit vi framleis ikkje meir enn dei fakta og dei teoriane han bar til torgs i 1986. I teatret er det muleg gjennom dialogar og konstruerte situasjonar å sjå tilbake med journalisten sine auge. På denne måten problematiserer vi dei spørsmåla som har vore viktig for oss å setje lys på. Konfliktane kjem fram gjennom at alle får kome til orde, og ikkje minst gjennom at dei to gamle i Malmø får fullt høve til å leggje fram det dei meiner har skjedd. Dei får forsvara seg mot journalistens til dels svært alvorlege skuldingar. Det er ikkje vårt prosjekt å kome med konklusjonar om kva som verkeleg skjedde. Vi overlèt til publikum å problematisere dette vidare etter å ha sett framsyninga. Det er kanskje ikkje rett at «Sanninga alltid kjem for ein dag», og det er kanskje heller ikkje rett at nokon har krav på den fulle og heile sanninga. Vi har tatt vare på den kjennsgjerninga at tvilen alltid skal kome tiltalte til gode. Dramatikk som gjer krav på å konkludere med den heile og fulle sanninga er sjeldan meiningsfull. Alle regionar har spennande og konfliktfylte menneskelege og dramatiske historier frå den krigen vi tydeligvis aldri vert ferdige med. Ein av Sogn og Fjordane Teaters viktigaste oppgåver har gjennom dei siste åra nettopp vore å setje lys på verkelege historier, og dei som blir utsette for dei verste skuldingane har spesielt krav på å få kome til orde. Og derfor har det vore vår hovudoppgåve i denne framsyninga å avtabloidisere det som hende og ikkje lage noka svart-kvitt historie. Menneskesinnet er meir samansett enn som så.

Otto Homlung
Isenesetjar





KVA ER DET EIGENTLEG MED KRIGEN?

Den andre verdskriga ser ut til å vere ei utømeleg sogekjelde. Framsyninga Brenningmysteriet er eit godt døme på det. Men kvifor blir vi aldri ferdige med den andre verdskriga?

Det er lett å svare når det gjeld dramaet i Førdefjorden i februar 1943. For historia om Brenning og dei som var om bord inneholdt det meste. Her var det kjærleik, svik, ei uhyre dramatisk flukt og ein båt som vart sprengd. Men det handlar også om to unge menn som vi ikkje kjenner lagnaden til.

Eg trur ein del av forklaringa på interessa for krigen er å finne her. Vi manglar framleis svar på heilt sentrale spørsmål, som til dømes kva som skjedde med brørne Arthur og Hjalmar Brendsdal. Eller for å ta ei anna dramatisk hending i Sogn og Fjordane nokre månader seinare: Kvifor bomba allierte fly det norske passasjer-skipet Sanct Svithun i Selje?

Dessutan har krig mange sider som appellerer til oss menneske – på godt og vondt. Krig er noko av det mest dramatiske både ein nasjon og einskildmenneske kan bli råka av. Og krig er store lidingar og kamp på liv og død. Her er det vinnarar og taparar, heltar og forrædarar.

Krig skaper i det heile teke veldig mange menneskelege lagnader. Det er sanneleg ikkje rart at det blir mange bøker og filmar - og spennande teater - av alt dette!

Men krig kan også gi oss gode historier. Eg gløymer aldri då Firda for ein del år sidan kunne formidle eit kjensleladd møte mellom ein tysk og ein britisk pilot som var i intens luftkamp over Førdefjorden vinteren 1945. Møtet mellom fiendane over 50 år seinare var eit godt prov på ordtaket om at føremålet med einkvar krig er fred.

Rune Timberlid

Forfattar og journalist

BRENNINGMYSTERIET

- to levande og to døde

av Otto Homlung, basert på ei bok av Egil Ulateig.

Komponist

Per Janke-Jørgensen

Regi

Otto Homlung

Scenografi og kostymedesign

Milja Salovaara

Lysdesign

Eivind Myren

I rollene

Journalisten – Hallbjørn Rønning

Ruth – Bente Børsum

Karl – Yngve Seterås

Helene – Irene Waage

Max – Tore B Granås

Arthur, Einar, Hilmar, Olaf og politimeister – Roger Hilleren

Musikk

Anna Wingård på nyckelharpe, Oddmar Amundsen på gitar

og Aage Vaksdal på trekkspel og synth


Lydeffektar

Aage Vaksdal

Produksjonsleiar

Kenneth Røsandhaug





Inspisient, sufflør og rekvisitør

Agnes Alisøy

Kostymeansvarleg og skreddar

Anna Wingård

Skreddar

Anette Eide Røsandhaug

Kostymelærling

Sakiba Deumic

Lysteknikar

Atle Øydvin

Snikkar

Kjell Furevik

Teknikar og lydkøyrar

Halldor Horne

Teknikar og lyskøyrar

Odd Magne Herland

Teknikar og malar

Tore Eide

Takk til Erdal Sport for utlån av våpen, og takk til Svein Inge Fosse for «båtvaket».

Vi gjer merksam på at alle mobiltelefonar må vere slått av. Det er ikkje lov å gjere lydopptak,

filme eller fotografere under framsyninga. Urpremiere i Førdehuset – Teatersalen torsdag

24. februar 2011. Speletida er 75 minutt utan pause.



VIKTIGE HENDINGAR FRÅ BOKA «TO LEVENDE OG TO DØDE» AV EGIL ULA TEIG

1942: Østerrikaren Maximillian Leopold Kautz vert beordra av okkupasjonsmakta til Lammetun kystfort i Ytre Sunnfjord. Han hadde då vore stasjonert i Rutledal i Ytre Sogn.

1943: Max er sjuk og vert pleia av Helene Skaar heime hjå henne og mannen Olaf i Korssund. Helene og Max går om bord i den 32 fot store båten Brenning på Fure i Askvoll 24. februar. Dei to brørne Arthur og Hjalmar Brendsdal som eig og fører båten vert aldri funne.



Max og Helene rømer under ulike namn via Kringla og Vona i Naustdal, Hyen og Lotsberg i Gloppe og vidare til Stryn, Sjåk og Engerdal til dei er framme i Sverige 6. august. Dei gir ikkje livsteikn frå seg før mange år etter krigen.

- 1954: Solveig og Hilmar Russenes finn ein koffert i ei bratt og ulendt li i Gjøringsbøvika i Førdefjorden medan dei leitar etter sauene. I kofferten ligg ein kjole og sòlvty. I ei bjørk heng ein frakk. Funna vert seinare knytte til Helene.
- 1964: Helene Skaar vert attkjend på eit bilet i eit vekeblad. Etterforskinga avdekkjer at Helene og Max bur i Sundsvall i Sverige under namna Ruth og Karl Rewinger.
- 1975: Hilmar Russenes set fast garnet i eit båtvrek i Gjøringsbøvika like ved der kofferten vart funnen mange år tidlegare. Året etter vert deler av vraket heva og botnen slamsugd. Brenning vert funnen på ei lita sanddekt hylle like ved land. Motoren står i fri. Ein støvel står fast i rattet. Båten ser ut til å vere sprengd. Anker og kjetting manglar. Det vert ikkje funne spor etter menneske, men dei finn tre patroner og to tomhylser.
- 1986: Forfattaren og journalisten Egil Ulateig intervjuar Ruth og Karl Revinger i Sverige. Han gir året etter ut boka *To levende og to døde* om Brenningmysteriet.



TEATERSNIKKAREN I PRAT MED HANS JAKOB

Frå Siste båt våren 2001 til Brenningmysteriet er det Kjell Furevik som har svinga hammaren på SoFt.

Kvar fann du plankane denne gongen, Kjell?

Eg prata til meg ei velbrukt snekke ute i Kalvåg. Vi henta ho heim og lema ho sund. Spanta vart bygd opp att på scena for å gi stemning av vrak og beingrind. Det er kjekt å få idé, skisse og modell frå scenografen, for så å konstruere og finne praktiske løysingar sjølv. Å vere teatersnikkar er ikkje berre å vere snikkar. Det er ein allsidig jobb der eg også hjelper skodespelarane bak scena under framsyningane. Å vere teatersnikkar er å vere på reise. Det er alltid noko nytt rundt neste nes. Eg likar å bygge scenografi og å fylgje den rundt som teknikar på turné, før vi til slutt arkiverer den på lageret eller på bosspllassen. Då er vi klar for neste reise.

Kva er det kjekkaste og det mest utfordrande stykket på desse ti åra?

Eg treivst særskilt godt det året vi sette opp folkekomedien Spritligaen ute på Straumsnes, men det er vel utfordingane med å lage det avanserte bylgjande golvet på Ishuset som har gitt snikkaren det største hovudbryet. Vi skal lage scenografiar som er lette å bere og som enkelt kan klappast i hop, samstundes som dei er sterke nok til å tolle heile turnéen. Framfor alt skal det vere funksjonelt. Denne kombinasjonen av til dels motstridande omsyn er krevjande og moro.

Har du noko minne frå den avanserte scenografien på Oliver Twist?

Ja, då stal vel scenografien og teknikken mesteparten av showet, men eg hugsar best at vi fekk engelsktalande scenograf frå Japan. Då vart snikkarengelsken min sett kraftig på prøve. Eg sleit i starten, men sluttresultatet vart no bra.

lig B1507



sparebanken
sogn og fjordane



Gratis app for iPhone® og Android

Få lettare tilgang til dei mest brukte banktenestene.

Applikasjonen er tilgjengeleg på App Store og Android Market!

ssf.no

Ansvarleg utgjevar

Terje Lyngstad

Redaksjon

Terje Lyngstad, Otto Homlung og Hans Jakob Reite

Foto framside

Vidar Helle

Grafisk design framside

Eva Tuft

Alle foto frå framsyninga

Dagrunn og Olav Reiakvam

Utforming av programmet og trykk

E. Natvik Prenteverk AS, Florø





Depotbiblioteket

Sogn og Fjordane teater
presenterer:



11G131507

SoFt

Sogn og Fjordane Teater



Sogn og Fjordane Teater
Førdehuset
Angedalsvegen 5
Postboks 324
6802 Førde
Telefon 909 90 600
post@softeater.no
www.softeater.no